



Deltakarane samla under avslutninga torsdag.

Frå tirsdag til torsdag vart det avvikla ein vellukka fotballskule med 154 deltakarar i Rosendal. Eit høgdepunkt var besøket av Brannspelarane Sivert Heltne Nilsen og Torgeir Børven og den lokale helten Johnny Furdal som spelar for Nest Sotra. Svært viktig var også det sosiale fellesskapet og treninga dei opplevde.



Ivrigte fotballjenter vert instruert av Brannspelarane Torgeir Børven og Sivert Heltne Nilsen

Primus motor Arvid Nes fortel at dei 154 deltakarane fordelte seg jamnt på gutar og jenter, 78/76. Deltakartalet er om lag som siste åra, og det kjem av at det ikkje er plass til fleire. Det var også i år folk på venteliste.

Deltakarane kom frå heile Kvinnherad. Frå Ølve/Hatlestrand/Varaldsøy kom ein gjeng, og desse vart henta på ferjekaien på Årsnes med minibussen til fotballgruppa. Atle Skåla kjørte kvar dag. Elles var det deltakarar frå Åkra/Matre-området, og det var frå heile strekninga frå Sundal til Sunde faktisk. Eit par tilreisande var det også.

- Men hovudtyngda var frå Rosendal, Omvikdalen og Uskedalen, seier Arvid Nes.

Det er eit stort apparat som skal til for å avvikla ein så stor fotballskule. Til saman var det 30 instruktørar. Desse kom også frå ulike bygder og Nes nemner at det var 3 instruktørar frå Åkra og frå Uskedalen stilte Anita Simensen, Torstein Myklebust og Kari Bråtun. Alle var ikkje med alle dagane.

I tillegg var det 10 som hadde ansvar for matserving. Det var frukt i to pausar dagleg, og det vart servert brødsriver og pålegg til lunsj.

Arvid Nes er svært takksam for alle dei frivillige som stiller opp for å hjelpa til. Nokre tar seg til og med fri frå jobb for å vera med, og alle er veldig positive. Han har endå til fått spørsmål om kva tid fotballskulen vert neste år for at folk skal få ordna seg fri for å hjelpa til.

Dei er også svært takknemlege for at Palfinger Marine stilte opp og frakta Brann-spelarane som var på besøk.

Tilbakemeldingane både frå deltakarar og dei som hjelpte til, har utlukkande vore positive.

- Det er eit travelt tak når det står på, men det er veldig kjekt, avsluttar 'fotballskulegeneral' Arvid Nes.



Ein del av dei gode hjelparane og instruktørane.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Morten Nygård og Lars Emil Berge